



Øystre Slidre kommune

Teknisk drift

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Medlemmane i eldrerådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

PALING - 17/5421

Arkiv:

033, &17

Vår dato:

23.08.2017

Protokoll frå møte i eldrerådet 23. august 2017 kl 1000 – 1100.

Tilstades: Torleiv Sig. Hovi, Gunnar Berg, Solveig Rydland, Edgar Linn og Marit Synnøve Opheim Østli. Ingebjørg Pålelien som tilstades som sekretær.

Sak 18/17. Godkjenning av innkalling sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 19/17. Godkjenning og underskrift av protokoll frå 29. mai 2017.

Vedtak:

Protokollen var samrøystes godkjent og underteikna.

Sak 20/17. Reguleringsplan for Heggenes Sør.

Knut Frode Framstad la fram kart og kom med ei grei orientering.

Vedtak:

Eldrerådet vedtok samrøystes slik uttale:

Eldrerådet meiner at forslaget til reguleringsplan gjev eit godt grunnlag for eit aktivt Heggenes sentrum.

Omsorgstunet vil bidra til å styrke sentrum med nye funksjonar og som møteplass.

Eldrerådet vil peike på:

- Det er rett med høg utnyttingsrad på arealet.
- Det må takast omsyn til nok parkeringsplassar.
- Det er viktig at uteområda blir lett tilgjengelege for bebuarar og tilsette.
- Det er viktig å sikre omsorgstunet mot trafikkstøy.
- Trafikktryggleik er viktig. Det er viktig å legge opp til løysingar som skil mellom køyrande og mjuke trafikantar.
- Det er viktig at det blir opparbeidd turveggar.

Kopi til:

Ordføreren
Rådmannen

her
her